



## VINDAFJORD KYRKJELEGE FELLESRÅD MØTEBOK

Møtestad: Rådhuset i Ølen
Dato: 29.04.26
Tidspunkt: kl 16.00

Medlemmer:	Steinar Sørhus, Skjold, Vats og Vikebygd sokneråd, leiar Dag Tormod Milje, geistleg representant, nestleiar Arne Tveit, Skjold, Vats og Vikebygd sokneråd Ola Alne, Ølen og Bjoa sokneråd Lars Bernhard Skipevåg, Imsland sokneråd Harald Olav Stuhaug, Sandeid sokneråd Karianne Dagsland, Skjold, Vats, Vikebygd sokneråd Bjørghild Vettrhus, Vikedal sokneråd
------------	---

Meldte fråfall:	Asle Dagsland, kommunal representant Eli Kolstad, kommande geistleg representant Harald Olav Stuhaug måtte gå etter sak 21/26
-----------------	---

--	--

Kyrkjerverje: Grethe Halvorsen

## Evangelietekst søndag 3.mai

Johannes 15,1–8

Det sanne vintreet

1 Eg er det sanne vintreet, og Far min er vinbonden. 2 Kvar grein på meg som ikkje ber frukt, tek han bort, og kvar grein som ber frukt, reinsar han så ho skal bera meir frukt. 3 De er alt reine på grunn av det ordet eg har tala til dykk. 4 Ver i meg, så er eg i dykk. Som greina ikkje kan bera frukt av seg sjølv, men berre når ho er på vintreet, slik kan heller ikkje de bera frukt viss de ikkje er i meg. 5 Eg er vintreet, de er greinene. Om de blir i meg og eg i dykk, då ber de mykje frukt, men skilde frå meg kan de ingen ting gjera. 6 Den som ikkje blir verande i meg, blir kasta ut som ei grein og visnar. Greinene blir samla saman og kasta på elden, og dei brenn. 7 Blir de verande i meg, og blir orda mine verande i dykk, så be om kva de vil, og de skal få det. 8 For ved dette lyser herlegdomsglans om Far min, at de ber mykje frukt og blir mine læresveinar.




VINDAFJORD KYRKJELEGE  
FELLESRÅD

Arkiv  
Mappe  
Saksh.

Saknr.	Råd/utval	Møtedato
* Saksliste	Fellestrådet	29.04.26

**Saksliste:**

- 17/26 GODKJENNING AV MØTEBOK FRÅ SIST MØTE
- 18/26 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE
- 19/26 REFERATSAKER
- 20/26 ORIENTERINGSSAKER
- 21/26 VEDTEKE TILTAKSPLAN
- 22/26 ÅRSMELDING MED ÅRSREKNESKAP
- 23/26 NYE GRAVPLASSVEDTEKTER
- 24/26 VEDTAK ETTER INNSTILLING FRÅ FELLESNEMDA
- 25/26 VEDTAK AV INVESTERINGSMIDLAR
- 26/26 SAMANSLÅING VINDAFJORD OG TYSVÆR FELLESRÅD,  
STATUS OG VIDARE PROSESS



VINDAFJORD KYRKJELEGE  
FELLESRÅD

Arkiv  
Mappe  
Saksh.

Saknr.	Råd/utval	Møtedato
17/26	Fellestrådet	29.04.26

GODKJENNING AV MØTEBOK

Kyrkjeverja tilrår:

Møtebok frå sist møte vert godkjend.

Samrøystes vedtak:

Møteboka frå sist blei godkjend.



VINDAFJORD KYRKJELEGE  
FELLESRÅD

Arkiv  
Mappe  
Saksh.

Saknr.	Råd/utval	Møtedato
18/26	Fellestrådet	29.04.26

GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE

Kyrkjeverja tilrår:

Innkalling og saksliste vert godkjend.

Samrøystes vedtak:

Innkalling og saksliste blei godkjend.



VINDAFJORD KYRKJELEGE  
FELLESRÅD

Arkiv  
Mappe  
Saksh.

Saknr.	Råd/utval	Møtedato
19/26	Fellestrådet	29.04.26

REFERATSAKER

**19/26-1      Universell utforming Vats kyrkje**

Me skal snart i gong med arbeidet i Vats kyrkje. Komiteen som skal følgje opp arbeidet er Steinar Sørhus, kyrkjevevja og Magnor Vårvik. Sistnemte har jobba som snekker i alle år. Arne Tveit har sendt ut nabovarsel. 29.april skal han sende byggemelding til kommunen.

Saka blei teken til orientering



Saknr.	Råd/utval	Møtedato
20/26	Fellestrådet	29.04.26

## ORIENTERINGSSAKER

### **20/26 –1 Parkeringsplassen i Sandeid**

For å utnytta plassen betre, ynskjer Sandeid sokn å fjerna ein hekk som deler parkeringsplassen ved kyrkja. Det skal og lagast ei grind, for å få inn større køyretøy som gravemaskin, traktor og liknande. Kyrkjevevja har sendt info til Bispedømmerådet og Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark, for å vera sikker på at det er ok å gjera desse endringane. (sjå teikning på vedlegg)

Svaret frå Statsforvaltaren er at dette er ei søknadspliktig endring av gravplassen, der mange moment må takast omsyn til. Soknerådet ynskjer ikkje å gå vidare med saka. I brevet kom det og fram at det skulle ha vore ei trerekke langs ytterkanten av den nyaste gravplassen. Kyrkjevevja undersøker kva for tre ein bør sette opp her.

### **20/26 – 2 Økonomirapport januar - april**

Når det gjeld straumutgiftene har desse vore særst høge i byrjinga av året. Dette skuldast at me brukar meir straum når det er kaldt, men og at straumprisane var høge i den perioden. Det har resultert i at me til no har brukt meir enn halve straumbudsjettet, og kjem nok til å overskride dette mot slutten av året. Det er komme forslag om å søke kommunen om ekstra straumstøtte.

No er alt brannsløkkeutstyret bytta i alle kyrkjer, og godkjent av branntilsynet. Det blei ein kostnad på 108 00,-

Det var 20 gravferder frå nyttår til påske i Vindafjord. Dette er over gjennomsnittet. Sidan me betaler per gravlegging har denne utgiftsposten vore stor i denne perioden.

### **20/26- 5 Nytt digitaliseringsutval**

Kirkemøtet 2025 vedtok å opprette Den norske kirke digitaliseringsutvalg for å samordne og organisere digitaliseringsarbeidet i Den norske kirke. Valget er no avslutta. Det nye digitaliseringsutvalet ligg som vedlegg.

## **20/26 – 6 Medarbeiderundersøkinga 10 faktor**

Alle som jobbar i kyrkja (både tilsette i Fellesrådet og prestane) har vore med på ei medarbeiderundersøking. Resultatet for oss i Vindafjord kyrkjelege fellesråd var bra. Det vil bli jobba vidare med eit par av emna i undersøkinga. Grethe la fram resultata.

## **20/26 – 7 Tilbod om kjøp av eiendom i Vikebygd**

Ein hytteeigar har gitt Fellesrådet eit tilbod om å kjøpe eit område som ligg inntil parkeringsplassen i Vikebygd. Det vil bli gjort ei vurdering om dette er interessant eller ikkje. Kyrkjeverja sjekkar kva pris seljaren har tenkt på.

Sakene blei tekne til orientering



Saknr.	Råd/utval	Møtedato
21/26	Fellestrådet	29.04.26

### Vedteke tiltaksplan.

AU og Kyrkjeverja har satt opp prioritert rekkefølge og funne ein del prisar på dei forskjellige tiltaka. Dei 4 øverste er allereie gjort eller er i gong.


## Tiltaksplan for Vindafjord kyrkjelege fellestråd 2026 28.04

Tiltak	Merknad	Prisoverslag
Nytt brannsløkkeutstyr	Måtte skiftast	110 000
Nye dører Vikedal kyrkje	Ok, investering	208 000
Universell utforming Vats	1 mill i investeringsmidler Arne Tveit sender byggemeld	1 100 000
Vats kyrkje, lekkasje pipe	Håkull/Ersland	Opptil 50 000
Tilstandsrapport Vikedal kyrkje	Bjørsvik takst og eiendom: Omega 365:	Ca 20 000,- Ca 25-30 000,-
Vinduer Vikedal		
Fikse ytterdør / ny ytterdør Bjoa	Førre Trevare Sendt bilder og mail	
Tak over inngong Ølen kyrkje	Godkjent Soknerådet har 50 000 på oppussingskonto	Må kanskje støtte med 20 000,-?
Minnelund Vats	Anonym gåve	
Orgel Vikedal Orgel tilsyn	Stemming av 3 orgel i året?	
Enøk.tiltak	Varmepumper	Vestbø inneklime: Lauareid service: ca 50-100 000,- LOS Varmepumpe Etne: 24 000,- + moms (Sandeid)
Bepanting Sandeid gravplass	Det skal vera tre langs kanten av gravplassen	
Elektronisk ringesystem Vikebygd		Olsen Nauen Klokkestøperi: 350 000,-

Sandeid kyrkje, ny bordkledning tårn Rehab. av vinduer mot sør		
Ølen gravplass, utviding	Kommune-sak, sendt mail til Halfdan Krohn Brekke, ikkje svar	
Nytt kjøkken Vikebygd	Midler frå stiftelse	
Lydanlegg Ølen kyrkje	Innsamling pågår	Noko støtte frå fellesrådet
Årleg maling, ei kyrkje anna kvart år	Ekstra bevilging frå kommunen?	
Minnelundar Sandeid/Skjold	Ekstra bevilging frå kommunen?	
Ordne parkeringsplass og gjerde Sandeid	Sendt info til SB og SFVT, og svaret er at ein må søkje om endring Saka blir utsett	
Vikedal gravplass, drenering	Utsett	
Bårehus Ølen kyrkjegard		
Bårehus Skjold kyrkjegard		

Når det gjeld tilstandsrapport valgte Fellesrådet å gå for Omega 365. Kyrkjeverja tek kontakt for å bestille rapporten.

Kyrkjeverja jobbar vidare med å skaffe tilbod på varmepumper.



VINDAFJORD KYRKJELEGE  
FELLESRÅD

Arkiv  
Mappe  
Saksh.

Saknr.	Råd/utval	Møtedato
22/26	Fellestrådet	29.04.26

### Årsmelding med årsrekneskap

Vedlagt ligg årsmelding med årsrekneskap for 2025.

Kyrkjeverja tilrår:


Årsmelding med årsrekneskap 2025 blir vedtatt slik det står

Møtehandsaming:

Det kom inn eit forslag til endring i Innleiinga, der ein presiserer kommunen sitt ansvar.

Samrøystes vedtak:

Årsmelding med årsrekneskap 2025 blir vedtatt med endringa som blei foreslått.



VINDAFJORD KYRKJELEGE  
FELLESRÅD

Arkiv  
Mappe  
Saksh.

Saknr.	Råd/utval	Møtedato
23/26	Fellestrådet	29.04.26

### Nye Gravplassvedtekter

Kyrkjeverja har saman med statsforvaltaren i Vestfold og Telemark utarbeida nye gravplassvedtekter. (sjå vedlegg)

Dette måtte me gjera, grunna bygging av Minnelund.


Vedtektene skal handsamast i Fellestrådet og så sendast ut på høyring til alle i kommunen. Innspel må handsamast og så kan Fellestrådet vedta gravplassvedtektene.

Kyrkjeverja tilrår:

Gravplassvedtektene handsamast i Fellestrådet 29.04 og blir deretter sendt ut på høyring.

Samrøystes vedtak:

Gravplassvedtektene er handsama i Fellestrådet 29.04, og blir sendt ut på høyring.



VINDAFJORD KYRKJELEGE  
FELLESRÅD

Arkiv  
Mappe  
Saksh.

Saknr.	Råd/utval	Møtedato
24/26	Fellestrådet	29.04.26

### Vedtak etter innstilling frå Fellesnemda

Det blir søkt om dispensasjon frå vanleg antall representantar i eit evt nytt Fellestråd for Tysvær og Vindafjord. Det blir søkt fram til 2035. I den forbindelse ynskjer Fellesnemda at Vindafjord Kyrkjelege Fellestråd går inn i ein prosess der ein jobbar med samanslåing av sokn, slik at det i framtida blir ein representant frå kvar sokn, og at ein på sikt ikkje treng søkje om disposisjon.

### Forslag til vedtak frå Fellesnemda:

*«Fellestrådet i Vindafjord blir bedt om å stadfeste at dei vil ta initiativ til ein prosess kor det blir vurdert å laga samanslåingar som gir 3 sokn, helst til 2032.»*

### Kyrkjeverja tilrår:


Forslaget til Fellesnemda blir vedteke.

### Møtehandsaming:

Det blei foreslått ei eindring i ordlyden, slik at han blir korrekt.

### Samrøystes vedtak:

Fellestrådet i Vindafjord stadfester at dei vil ta initiativ til ein prosess kor det blir vurdert å laga samanslåingar som gir 3 sokn, helst til 2032.



VINDAFJORD KYRKJELEGE  
FELLESRÅD

Arkiv  
Mappe  
Saksh.

Saknr.	Råd/utval	Møtedato
25/26	Fellesrådet	29.04.26

### Vedtak av investeringsmidler

Økonomiavdelinga ynskjer eit vedtak på kva me skal bruke investeringsmidlane til.

Me har 1 680 000 kr til investering i 2026.

#### Forslag til vedtak for investeringsmidlar 2026:


Universell utforming i Vats	1 100 000,-
Dørene i Vikedal kyrkje	208 000,-
Enøk-tiltak i kyrkjene	200 000,-

#### Kyrkjeverja tilrår:

Fellesrådet vedtek lista for investeringsmidlar.

#### Samrøystes vedtak:

Fellesrådet vedtek lista for investeringsmidlar.



Saknr.	Råd/utval	Møtedato
26/26	Fellesrådet	29.04.26

## **Samanslåing Vindafjord og Tysvær fellesråd, status og vidare prosess**

### Saksorientering

Fellesnemnda hadde møte 22.april og behandla saka der og gjorde vedtak i forhold til følgjande punkt:

- Økonomi, fondsmidler mv
- Representasjon i Fellesråd og Arbeidsutval
- Prosess for tilsertjing av ny felles Kyrkjeverje
- Behandlingsrekkefølge.
- Gevinstar ved samanslåing.

Det vert ikkje her gått inn på detaljane i punkta. Referat frå møte vil bli ettersendt så snart det ligg føre. Her vil og vedtak gjort av Fellesnemnda gå fram. Innkallinga til Fellesnemnda er og sendt ut til Fellesrådet slik at den er kjent.

Saka går nå inn i ein avgjerande fase med ev vedtak om samanslåing i Fellesrådet sitt neste møte 3.juni. Det vil derfor vera viktig at ev endringsframlegg til vedtak som er gjort i Fellesnemnda blir lagt fram før/i møte.

Dokument i saka: Ettersendes når referat frå Fellesnemnda er klart

### Forslag til vedtak

- Vindafjord Kyrkjelege Fellesråd vedtek å gå vidare med prosessen i tråd med vedtak gjort av Fellesnemnda i møte 22.april.

Evt.

Vindafjord Kyrkjelege Fellesråd vedtek å gå vidare med prosessen i tråd med vedtak gjort av Fellesnemnda 22.april med følgjande endringar/presiseringar:

Møtehandsaming:

Det var ingen som stemte for alternativ 2.

Samrøystes vedtak:

- Vindafjord Kyrkjelege Fellesråd vedtek å gå vidare med prosessen i tråd med vedtak gjort av Fellesnemnda i møte 22.april.

**Kommentar:** Her kom det ynskje frå fellesrådsmedlemma at det t.d. blir laga konkrete spørsmål kring samanslåingsprosessen som sokneråda skal ta stilling til. Det bør vera eit oversikteleg og enkelt forklart dokument som tek for seg dei forskjellige tema, med fordeler og ulemper.

Dert må og stå korleis soknerådet skal komme med tilbakemelding.